

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/4	04.05.2026	Viltutvalet

Ny viltressurslov – krav til kommunen om fastsetting av fellingsavgift for jakt på elg og hjort i forskrift

Innstilling frå kommunedirektøren

Følgjande forslag til ny forskrift blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med reglane i forvaltningslova § 37:

Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter for Lom kommune, Innlandet

Fastsett av Lom kommunestyre xx.xx.2026 med heimel i med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for hjort

Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1250 daa.

§ 3. Minsteareal for rådyr

Minsteareal for godkjenning av rådyrvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for elg

Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 4000 daa.

§ 5. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsane for fellingsavgift følgjer maksimal sats for fellingsavgift i Stortingets budsjettvedtak.

§ 6. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft xx.xx 2026. Frå same tid opphevast forskrift 15.03.2021 om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt, Lom kommune, Innlandet.

Saksprotokoll i Viltutvalet 04.05.2026:

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Følgjande forslag til ny forskrift blir lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med reglane i forvaltningslova § 37:

Forskrift om opning av jakt, fastsetting av minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt og fastsetting av fellingsavgifter for Lom kommune, Innlandet

Fastsett av Lom kommunestyre xx.xx.2026 med heimel i med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for hjort

Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1250 daa.

§ 3. Minsteareal for rådyr

Minsteareal for godkjenning av rådyrvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for elg

Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 4000 daa.

§ 5. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsane for fellingsavgift følgjer maksimal sats for fellingsavgift i Stortingets budsjettvedtak.

§ 6. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft xx.xx 2026. Frå same tid opphevast forskrift 15.03.2021 om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt, Lom kommune, Innlandet.

Saksutgreiing

Den 1. juli 2026 vil viltressursloven (lov 20. juni 2025 nr 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv.) tre i kraft. Frå same tidspunkt vil viltlova (lov 29. mai 1981 nr 38 om jakt og fangst av vilt) bli oppheva.

Viltressurslova vidarefører viltlova sine krav om at kommunen må fastsette ei forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr og for fastsetting av minsteareal (viltressursloven § 42), samt for å opne for jakt på bever (viltressursloven § 44). Fleire kommunar har fastsett forskrifter som både opnar for jakt på hjortevilt og fastsett minsteareal i same forskrift. Fellingsavgifter har i hovudsak vore fastsett gjennom kommunale budsjettvedtak eller gebyrregulativ.

Landbruksdirektoratet har i brev hausten 2025 gjort merksam på at når viltressurslova trer i kraft innfører den eit krav om at kommunar som ynskjer å fastsette og krevje inn fellingsavgift for elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressurslova § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene må bli fastsett innanfor rammer fastsett av Stortinget. Gjeldande ramme fylgjer av Prop. 1 S (2024-2025) frå Landbruks- og matdepartementet s. 131.

Landbruksdirektoratet tilrår at kommunen utarbeidar ei felles forskrift for opning av jakt, fastsetting av minsteareal, og for fastsetting av fellingsavgifter. Det vil gjere det kommunale regelverket meir oversiktleg og lettare tilgjengeleg for både jegerar, interesseorganisasjonar og viltmynde.

I følgje Lom kommune sitt delegeringsreglement har viltutvalet mynde til å revidere lokal forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyr. I denne omgangen vil det vere snakk om å innføre eit nytt element om fellingsavgift i forskrifta. Etter kommunedirektøren sitt syn er dette ei meir omfattande endring av forskrifta enn dei justeringsvedtak for minstearealet som har vore gjort med nokon års mellomrom, og bør behandlast av kommunestyret. I denne saka blir det derfor lagt opp til ein prosess der viltutvalet gjer vedtak om å legge forskrifta ut på høyring, og etter gjennomført høyring innstiller viltutvalet til kommunestyret for endeleg vedtak.

Vurdering

Lom kommune har frå før ei forskrift om forvaltning av elg, hjort og rådyr. Det er berre fellingsavgifter som blir eit nytt element i denne forskrifta. Resten av innhaldet blir vidareført frå eksisterande forskrift:

[Forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt, Lom kommune, Innlandet - Lovdata](#)

Lom kommune har i seinare tid brukt maksimal sats på fellingsavgiftene for elg og hjort, satsane har normalt vore regulert annakvart år i kommunen sitt ordinære budsjettvedtak. Bruken av fellingsavgift er styrt av *Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*, og det aller meste av midlane blir brukt til fallviltoppgåver, først og fremst ettersøk og avliving av påkøyrd hjortevilt. Det er viktig at ein har tilstrekkeleg inntekt til å gjennomføre denne oppgåva på ein god måte. Med utsikter til auka trafikk på rv. 15 i åra som kjem vil det neppe bli færre påkøyrslar. Det er derfor behov for å oppretthalde inntektene til fallviltarbeid.

For jaktåret 2025/2026 var det fastsett følgjande maksimalsatsar for fellingsavgift:

	Kalv	Vakse dyr (også 1 ½ år)
Elg	kr 400	kr 670
Hjort	kr 310	kr 520

Dersom det skulle vere ønskeleg med reduserte satsar for fellingsavgift må kommunen unngå å setje seg i ein situasjon der det blir nødvendig å vedta ny forskrift for kvar gong satsane skal justerast/ indeksregulerast. I så fall bør fellingsavgifta fastsetjast til ein bestemt prosentsats av maksimalsatsen.

Enkelte kommunar har innført redusert sats, eller ingen fellingsavgift, for hjortekalv for å stimulere til meir kalvefelling. Vågå kommune hadde i perioden 2023–2025 ei ordning med kr. 0 i fellingsavgift for hjortekalv, men har ikkje funne nokon påviseleg effekt av tiltaket, og i høyringsforslaget til ny forskrift nyttar kommunen maksimalsatsen også for hjortekalv.

Kommunedirektøren si vurdering er derfor at kommunen bør bruke maksimalsatsen for fellingsavgift slik det går fram av Stortingets årlege budsjettvedtak.

Forvaltningslova har reglar for utgreiingsplikt, høyring, varsling m.m. i samband med forskriftsvedtak. Offentleg ettersyn og høyring av framlegg til forskrift vil bli kunngjort på Lom kommune si heimeside og sendt til storviltvalda i kommunen, Lom jeger- og fiskeforeining, statsforvaltaren og fylkeskommunen. Frist for høyringsuttale bør i utgangspunktet vera seks veker frå saka blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn, men om nødvendig kan det akseptast noko justert høyringsfrist for å innpasse i saksbehandlninga til møtekalenderen.